



Bergen, 14.12.2018

## Høyring om ny kyrkjeordning

Bjørgvin biskop vil i hovudsak seie seg samd med utkastet til ny kyrkjeordning som her ligg føre. Ein grunnleggande intensjon med dette utkastet er openbart at noverande ordning vert ført vidare, og på dette tidspunkt i prosessen er det naturleg. Dette medfører at der teksten kan tolkast i ulike retningar, vil det vere den tolkinga som i størst grad vidarefører noverande ordning, som må leggest til grunn.

Kommentarar til dei einskilde paragrafane:

### § 3

Saman med omtala av dåpen saknar eg her ei henvisning til trua. Dåp og tru heng saman både i teologen og i vår dåpsliturgi: «Eg teiknar deg med det heilage krossmerket til vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han.»

Slik det no står i siste setning går ein rett frå omtala av dåpen til tenesta for Gud og medmennesker, og slik teiknast eit bilete at kristen tru som vert ein-sidedig aktivistisk.

Mitt forslag til endra tekst vil her vere: «Alle døypte er kalla til å tru på Jesus Kristus, tene Gud og medmenneske og ta del i kyrkja sitt liv».

### § 4

Ein kan vurdere om i kva grad formuleringa «utøve nestekjærleik» er vellukka. Kanskje skulle ein her også hente inn ei henvisning til diakonien.


### § 6

Formuleringa om «eit samvirke mellom valde representantar for og blant kyrkja sine medlemmer og representantar for tenesta med Ord og sakrament» er av nokre tolka slik at ho opnar for ei forståing av prestetenesta som ei parallell styringsstruktur ved sida av dei valde råda. Utifrå det konservative tolkingssprinsipp som eg viste til i innleiinga, er dette openbart ikkje ei nærliggande tolking. Snarare viser teksten her til gjeldande ordning mellom «embete og råd», der prest/biskop har sete i dei demokratisk valte styringsorgana.

§ 39

Denne paragrafen gjev ei noko uklar og for omfattande skildring og av Bispemøtet sitt mandat: «Bispemøtet skal utøve tilsyn med og pastoralt leiarskap i Den norske kyrkja, vareta kyrkja si lære og teologi og fremje einskap i kyrkja og med andre kyrkjer.» Det kan her synast som om Bispemøtet generelt ikkje berre er overordna den enkelte biskop, noko som vert tilbakevist seinare i paragrafen, men og nærast er overordna Kyrkjemøtet.

Ei slik mistyding kan ein enkelt unngå ved å utelate nokre ord i teksten: «Bispemøtet skal vareta kyrkja si lære og teologi og fremje einskap i kyrkja og med andre kyrkjer.»



Halvor Nordhaug  
Biskop i Bjørgvin